

## BOKN KONTROLLUTVAL

### MØTEINNKALLING

**Dato:** Onsdag 14. september 2016  
**Tid:** kl. 17.00  
**Sted:** Møterom 1. etasje, Boknatun

**Forfall meldes til:** Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS tlf 52 75 73 50 eller  
tlf. 95 98 69 79 /sms/ e-post: [post@kontrollutvalgene.no](mailto:post@kontrollutvalgene.no)

Medlem som må melde forfall eller meiner seg ugild, må gje melding om dette så tidleg som råd er. Varamedlemmer vil bli innkalla særskilt. Saker merka *Ikkje offentleg - jf. off.l.*, blir berre sendt internt. Sakskart vil lagt ut på kommunen si nettside og på [www.kontrollutvalgene.no](http://www.kontrollutvalgene.no)

**Rådmannen er invitert/innkalla til å orientere i sakene 12/16 til 14/16.**

---

#### Saksliste:

- 11/16 Godkjenning av protokoll frå møte 25.05.16
- 12/16 Orientering frå administrasjonen – tekniske tenester
- 13/16 Oppfølging av rapport – forvaltningsrevisjon av post/arkivrutinar
- 14/16 Oppfølging av selskapskontroll – Haugaland Kraft AS
- 15/16 Revisor si egenerklæring 2016
- 16/16 Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020
- 17/16 Plan for selskapskontroll 2016- 2020
- 18/16 Framlegg til budsjett 2017 – kontroll og tilsyn
- 19/16 Referat – og orienteringssaker 14.09.16

#### Eventuelt

Aksdal, 01.09.16

Lars Øyvind Alvestad (sign.)  
utvalsleiar

  
Toril Hallsjø (sign.)  
dagleg leiar/utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)  
Revisor (møte- og talerett)  
Rådmann (invitert/kalla inn)  
Varamedlemmer (til orientering)  
Presse/publikum

| SAKSGANG              |                   |                  |
|-----------------------|-------------------|------------------|
| Utval                 | Møtedato          | Saksnr           |
| Kontrollutvalet       | 14.09.16          | <b>11/16</b>     |
|                       |                   |                  |
| <b>Saksansvarleg:</b> | <b>Arkivkode:</b> | <b>Arkivsak:</b> |
| Toril Hallsjø         | 033               |                  |

**GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 25.05.16**

**Vedlegg:** Protokoll frå møte 25.05.16


**Saksorientering:**

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 25.05.16 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av møteleiar i etterkant av møtet og oversendt kommunen slik han ligg føre.

**SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:**

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 25.05.16 blir godkjent slik han ligg føre.

Aksdal, 30.08.16



Toril Hallsjø  
*Utvalssekretær*

## BOKN KONTROLLUTVAL

### PROTOKOLL

Onsdag 25. mai 2016 blei det halde møte i Bokn kontrollutval under leiing av May Jorunn Vatnaland.

|                                  |                                                                                                     |
|----------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <b>MØTESTAD:</b>                 | Boknatun, møterom 1. etasje                                                                         |
| <b>MØTESTART/-SLUTT:</b>         | kl. 17.00 – kl. 18.15                                                                               |
| <b>MØTANDE MEDLEMMER:</b>        | May Jorunn Vatnaland (Sp)                                                                           |
| <b>MØTANDE VARAMEDLEM:</b>       | Zuzanna Ufnal (Ap)                                                                                  |
| <b>FORFALL:</b>                  | Utvalsleiar Lars Øyvind Alvestad (Ap), nest-leiar Jørn Hansen (H) og varamedlem Tom Inge Aksdal (H) |
| <b>FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:</b>  | Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS                 |
| <b>FRÅ REVISJONEN MØTTE:</b>     | Revisor/partnar Else Holst-Larsen, Deloitte AS                                                      |
| <b>ANDRE SOM MØTTE:</b>          | Kommunalsjef forvaltning Solrunn Alvestad                                                           |
| <b>MERKNADER TIL INNKALLING:</b> | Ingen                                                                                               |
| <b>MERKNADER TIL SAKSLISTE:</b>  | Ingen                                                                                               |

### FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

#### SAK 7/16 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 10.02.16

##### **Sekretariatet si innstilling:**

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 10.02.16 blir godkjent slik den ligg føre.

##### **Handsaming i kontrollutvalet 25.05.16:**

Utvalet hadde ingen merknader til protokollen.

##### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 25.05.16:**

*Protokoll frå møte i kontrollutvalet 10.02.16 blir godkjent slik han ligg føre.*

## **SAK 8/16 ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN – SENTRAL-ADMINISTRASJONEN**

### **Sekretariatet si innstilling:**

Bokn kontrollutval tek rådmannen og kommunalsjef Alvestad si utgreiing om sine ansvarsområde til orientering.

### **Handsaming i kontrollutvalet 25.05.16:**

Rådmannen hadde varslet til sekretær at han ikkje kunne møte pga. eit anna møte.

Drifta i administrasjonen omfattar kundemottak, sentralbord, post, arkiv, felles innkjøp, sekretariat for politiske utval, interne merkantile tenester til og for seksjonane, økonomistyring, budsjett, innkjøpsavtalar, rekneskap, lønn, fakturering, generell personalpolitikk, HMS/arbeidsmiljø og IKT drift- og strategi.

Rådmannen sine funksjonar er overordna styring og kontroll, juridisk bistand, interkommunalt/regionalt arbeid, NAV, barnevern, beredskap, sekretærfunksjon for formannskap og kommunestyre, næringsarbeid og kommuneplanarbeid.

Kommunalsjef Solrunn Alvestad orienterte om ny organisering med to kommunalsjefar frå og med 01.01.15. I fjor hadde det vore jobba mye med å implementere IKT-system, oppgradere servere, sikre systema ved nytt overvakingssystem og skriftleggjere rutinar. Det gjeld spesielt for post-/arkivhandteringa i etterkant av gjennomført forvaltningsrevisjon. Utvalet takka for ei god orientering.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 25.05.16:**

Bokn kontrollutval tek kommunalsjef forvaltning si utgreiing om sitt ansvarsområde og stab/støttefunksjonane til orientering.

## **SAK 9/16 ÅRSREKNESKAPEN 2015 - KONTROLLUTVALET SIN UTTALE**

### **Sekretariatet si innstilling:**

Bokn kontrollutval vedtek uttale til kommunerekneskapen for 2015 slik den ligg føre / med desse endringane:

Kontrollutvalet ber rådmannen gje ei skriftleg tilbakemelding til utvalet innan 1. september 2016 på korleis merknadane i revisjonsrapporten er følgd opp.

### **Handsaming i kontrollutvalet 2.05.15:**

Sekretær hadde endra framlegg til uttale med å leggje til eit avsnitt som sterkare poengterte dagens økonomiske situasjon. Rådmannen var informert og støtta endra framlegg.

Kommunalsjefen gjorde greie for rekneskapstala. Etter interne finanstransaksjonar blei det eit overskot på kr 150.000 i 2015, men rekneskapen viser negativt brutto og netto driftsresultat. Det er ikkje bra, og kommunen kan ikkje fortsette med slik utan å kutte i drifta eller auke inntektene.

Kommunen har i fjor hatt høg aktivitet og det er mykje som skjer. For investeringane gjeld m.a. bygging av fleirbrukshallen og nytt vassverk. Innan skulen og barnehagen er drifta tatt ned 2. halvår 2015, medan helse/omsorg visar auka trong for meir ressursar. Kostnadene til dei folkevalde ser også ut til å ha auka etter valet, mellom anna fordi det er meir bruk av møte på dagtid. Det har også vore ein del meir konsulentkjøp.

Den negative trenden ser ut til å fortsette i 2016 og kommunalsjefen uttrykte bekymring for økonomisituasjonen vidare.

Oppdragsansvarleg revisor hadde gjeve rein revisjonsmelding. Revisjonsrapporten peika på, som tidlegare år, at investeringsrekneskapen stemmer dårleg med budsjettet og anleggsregisteret må oppdaterast. Ho hadde forståing at Bokn har liten administrasjon med mange «viktigare» oppgåver, men det bør her lagast nye rutinar og system.

Utvalet drøfta kva som vil kunne skje med økonomien og drifta i åra framover. Kommunalsjef var tydeleg på at ikkje-lovpålagte oppgåver var det som fyrst må kuttast i.

Utvalet var nøgd med kommentarane, men meinte det ikkje var trong for at rådmannen kom med skriftleg tilbakemelding på revisor sine merknader, men møtte i møtet og orienterte, då litt seinare på året, dvs. i siste møtet i 2016.

#### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 25.05.16:**

*Bokn kontrollutval vedtek slik uttale til kommunerekneskapen for 2015:*

*Bokn kommune sitt årsrekneskap for 2015 er gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk/overskott på kr 152.445 på grunnlag av interne finanstransaksjonar.*

*Kontrollutvalet har merka seg at årsrekneskapen viser eit negativt brutto driftsresultat med 2,5 mill. kr. Netto driftsresultatet utgjer 0 % av driftsinntektene, som er under resultatet i fjor, og under Teknisk Berekningsutval sin tilrådde resultatmargin på 1,75%.*

***Eit negativt driftsresultat er ikkje berekraftig over tid og den økonomiske situasjonen for kommunen må vurderast nøye i tida framover.***

*Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga for 2015 meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen for 2015 totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av kommunen si verksemd for 2015 og for kommunen si økonomiske stode pr. 31.12.15.*

*Ut over ovannemnde har ikkje kontrollutvalet merknader til Bokn kommune sitt årsrekneskap for 2015.*

*Kontrollutvalet ber rådmannen gje ei tilbakemelding til utvalet på siste møtet i 2016 på korleis merknadane i revisjonsrapporten er følgd opp.*

**SAK 10/16 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 25.05.16**

16. Statusrapport pr. mai 2016
17. K-styremøte 08.03.16 – orientering om utvalet sine oppgaver v/sekretariatsleiar
18. K-styrevedtak 08.03.16, sak 4/16 – Kontrollutvalet si årsmelding 2015
19. K-styrevedtak 08.03.16, sak 5/16 – Forvaltningsrevisjonsrapport - Post/arkivhandtering
20. Signert avtale – revisjonstenester 2016-2020
21. Kontrollrapport 2015 fra Skatteetaten
22. Representantskapsmøte 25.04.16 – Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
23. Representantskapsmøte 27.04.16 – Interkommunalt Arkiv Rogaland IKS
24. Representantskapsmøte 29.04.16 – Haugaland Vekst IKS
25. Representantskapsmøte 23.05.16 – Krisesenter Vest IKS
26. Representantskapsmøte 25.05.16 – HIM IKS
27. Representantskapsmøte 06.06.16 – Haugaland Kraft AS
28. Kommunelovutvalget har overlevert forslag til ny kommunelov – NKRF nytt
29. Høring – NOU 2016:4 Ny kommunelov – frist
30. FKT-konferansen 7.-8.06.16 - 8 stk. frå 7 kommunar, pluss rådgjevar

**Handsaming i kontrollutvalet 25.05.16:**

Sekretær gjorde greie referatsakene. Utvalet hadde ingen spesielle merknader.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 25.05.16:**

*Referatsakene 16 - 30 blir tatt til orientering.*

**Eventuelt**

Ingen saker blei meldt eller tatt opp.

Neste møte

Etter møteplan er dato sett til onsdag **7. september** kl. 17.00.

Plan for forvaltningsrevisjon og plan for selskapskontroll 2016-2020 vil då vere på sakslista.

Bokn, 25. mai 2016

May Jorunn Vatnaland  
Møteleiar (sign.)

Toril Hallsjø  
utvalssekretær (sign.)

| SAKSGANG        |          |        |
|-----------------|----------|--------|
| Utval           | Møtedato | Saksnr |
| Kontrollutvalet | 14.09.16 | 12/16  |
|                 |          |        |

| Saksansvarleg: | Arkivkode: | Arkivsak: |
|----------------|------------|-----------|
| Toril Hallsjø  | 216        |           |

## ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJON – TEKNISK TENESTER

### Bakgrunn:

Kontrollutvalet vedtok i møtet 10.02.16, sak 3/16 å sette opp ein plan for orientering om resultatalaområda og stabsfunksjonane i kommunen i møta framover. Vedtaket var følgjande:

*Bokn kontrollutval vedtek følgjande plan for orientering om resultatområda og stabsfunksjonane:*

*Møtet 25.05.16      kommunalsjef forvaltning Solrunn Alvestad*

***Møtet 07.09.16      tekniske tenester***

*Møtet 16.11.16      kommunalsjef tenester Ingunn Toft*

Orienteringane er tenkt å gjere kontrollutvalet betre kjend med drifta av kommunen og dei utfordringar administrasjonen står over for. Planen blei oversendt rådmannen 25.02.16. Det gjekk fram i brevet at tidspunkta kunne endrast/byttast for dei inviterte. Det er rådmannen som avgjer om han møter sjølv eller om andre møter som representant for rådmannen.


Sekretariatet ser gjerne at det vert orientert om sterke og svake sider ved kommunen og kva utfordringar Bokn kommune står ovanfor.

Utvalet kan kome med innspel på emne og spørsmål, men helst så snart som mogleg slik at dei som møter kan førebu seg. Det vert lagd opp til at utvalet bestemmer ei tidsramme.

### SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Bokn kontrollutval tek rådmannen si utgreiing om teniske tenester til orientering.

Aksdal, 30.08.16



Toril Hallsjø

Utvalssekretær

| SAKSGANG        |          |        |
|-----------------|----------|--------|
| Utval           | Møtedato | Saksnr |
| Kontrollutvalet | 14.09.16 | 13/16  |
|                 |          |        |

| Saksansvarleg: | Arkivkode: | Arkivsak: |
|----------------|------------|-----------|
| Toril Hallsjø  | 216        |           |

## OPPFØLGING AV RAPPORT – FORVALTNINGSREVISJON AV POST/ARKIVROUTINAR I BOKN KOMMUNE

**Vedlegg:** 1. Brev frå kommunalsjef forvaltning 18.08.16

### Bakgrunn

Kommunestyret vedtok enstemmig i møte 08.03.16, sak 5/16 følgjande:

- 1. Bokn kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Deloitte sin forvaltningsrevisjonsrapport «Post-/arkivhandtering i Bokn kommune» og tek denne til orientering.*
- 2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar.*
- 3. Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølginga av rapporten innan 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*

Bokn kontrollutval vedtok 15.09.15, sak 15/16 forvaltningsrevisjonsprosjektet "Post-/arkivhandtering i Bokn kommune" i tråd med det utkastet til prosjektplan som låg føre. Ramma blei sett til 70 timar.

### Mandat

Hovudformålet med revisjonen var å undersøke system og rutinar for å sikre at kommune driver i samsvar med vedtekter, politiske vedtak og regelverk. Frå revisor blei det formulert følgjande problemstillingar som utvalet slutta seg til:

- 1. Korleis sikrar kommunen at brev og andre henvendingar vert handsama i samsvar med krava i forvaltningslova?*
  - a. Har kommunen rutinar som sikrar at henvendingar blir følgt opp?*
  - b. Vert brev og e-post svart på i samsvar med reglane om førebels svar?*



**2. I kva grad har Bokn kommune rutinar som sikrar offentlegheit i saksbehandlinga?**

- a. Følgjer den offentlege postlista krav i lov- og regelverk?*
- b. Har kommunen rutinar som sikrar at postlista vert publisert utan unødig opphald?*
- c. Har kommunen ein oppdatert arkivplan som oppfyller krava i regelverket?*
- d. Har kommunen rutinar for å sikre at inn- og utgåande dokument vert registrert i samsvar med krav i regelverket?*
- e. Har kommunen rutinar for å sikre at organinterne dokument vert registrert i samsvar med regelverket?*
- f. Er det rutinar for skjerming av informasjon i postlista?*
- g. Er det rutinar for å vurdere førespurnader om innsyn?*

**3. I kva grad har tilsette i kommunen fått tilstrekkeleg opplæring i rutinar for arkivering og offentlegheit?****Rapporten**

Med dette som utgangspunkt gjennomførte Deloitte prosjektet hausten 2015 og nyåret 2016. Rapport ble lagt fram for kontrollutvalet 10.02.16, sak 2/16.

Revisor kom følgjande tilrådingar og om at Bokn kommune burde sette i verk følgjande tiltak:

- 1. Undersøkje dokumentflyt og arbeidsprosessar frå mottak av henvendingar til ferdighandsaming av saker innanfor dei ulike tenesteområda i kommunen.**
- 2. Vurdere behovet for betre og meir skriftlege rutinar for sakshandsaming på dei ulike tenesteområda i kommunen.**
- 3. Oppdatere arkivplanen, slik at den er i samsvar med krav i lovverket, og som ein del av dette arbeidet:**
  - a) sikre at det er tilstrekkeleg med retningslinjer for når korrespondanse skal registrerast for journalføring.*
  - b) skildre ansvar knytt til gradering av journalpostar og handsaming av førespurnader om innsyn*
- 4. Registrere rett dokumentdato på dokument som vert journalført.**
- 5. Fastsetje målsetting om kor lang tid ein vil akseptere at det skal gå før postlista vert publisert.**

6. Syte for at alle dokument som er registrert i ein journal er med i den offentlege journalen (jf. krav i arkivforskrifta § 2-6).
7. Syte for at funksjonar i sak-/arkivsystemet for oversyn og kontroll av restansar og forfall vert tekne aktivt i bruk.
8. Vurdere om det vil vere tenleg å utvikle ein «superbrukar»-funksjon knytt til sak-/arkivsystemet.
9. Leggje til rette for at det vert gjeve kurs for dei tilsette i dei tema/område der det er signalisert behov for opplæring, og informere om kvar ein kan finne gjeldande rutinar og retningslinjer.

### Tilbakemelding

I vedlagt brev av 18.08.16 har kommunalsjef forvalning gjeve tilbakemelding. Ho skriv mellom anna:

*Sidan kommunen mottok rapporten i januar 2016, har ein hatt nært samarbeid med IKA (Interkommunalt arkiv) i Rogaland. I tillegg har ein hatt samarbeidsmøter med andre kommunar om å utarbeida gode rutiner for sak/arkiv (nettverkssamlingar for Arkivplan).*

*Ein har i same periode innført integrasjon mellom lønn- og personalsystemet og WebSak som omfattar tilsetjingssaker. Søkjarar på stillingar skal nå registrera CV og søknad elektronisk, og det er utarbeidd skjema og rutiner for saksbehandlinga.*

*Opplæring av leiarane er starta opp, og rutinene vert finpusa etter kvart som ein ser behovet for ytterlegare spesifikasjonar.*

*Også Statsarkivet har hatt dokumentbasert tilsyn denne våren, og dei har gått gjennom revisjonsrapporten. I rapporten frå Statsarkivet seier dei at dei har merka seg at kommunen er i gang med å rette opp avvika som kom fram i Deloitte sin forvaltningsrevisjon, og ser derfor ikkje behov for å gå nærare inn på dette no. Men, Statsarkivet har peika på at kommunen sitt arkiv må sikrast betre, utskifting av hyller frå tre til metall, og betre låsing. Dette arbeidet er også under planlegging nå.*

*Ved gjennomgang av kva som må gjerast når det gjeld saksbehandling og arkivering, ser ein at det i tillegg til fysisk sikring av arkiv også er behov for oppgradering av database og server, samt opplæring både av ordinære brukarar og superbrukarar.*

*Den økonomiske sida av dette er ennå uklar, men ein må kanskje forvente ein kostnad på mellom 100.000 – 300.000. Dette vil koma som eiga sak når vi er ferdige med planen.*

Under plan for det vidare arbeid er det under pkt 3-Beskrivelser, skreve nærare om kva som er gjort og dei vidare planane for arkivplan og opplæring .

Utvalet må drøfte om ein finn rådmannen si tilbakemelding som dekkjande for rapporten sine tilrådingar.

**Sekretariatet sine kommentarar**

Rådmannen via kommunalsjef har gjeve si tilbakemelding. I følge kontrollutvalsforskrifta med merknader, ligg det til kontrollutvalet å sjå til at kommunestyret sitt vedtak blir følgt opp.

Det ligg ikkje til kontrollutvalet å fastsetje korleis administrasjonen skal følgje opp dei påviste avvik/tilrådingane i det konkrete tilfellet, då dette er rådmannen sitt ansvar.

Det blei sett ein frist på 6 månader frå kommunestyret fatta sitt vedtak og det er svara innan fristen.

Kontrollutvalet kan likevel melde inn vidare til kommunestyret dersom kontrollutvalet meiner saka ikkje er følgt opp på ein tilfredsstillande måte.

**SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Bokn kontrollutval tar tilbakemeldingane frå kommunalsjefen om oppfølging av Deloitte sin forvaltningsrevisjonsrapport «*Post-/arkivhandtering i Bokn kommune*» til orientering.

Melding om oppfølging vert sendt kommunestyret til orientering.

Aksdal, 29.08.16

Toril Hallsjø

*Dagleg leiar/utvalssekretær*



**BOKN KOMMUNE**  
**RÅDMANN**

VEDLEGG  
SAK 13/16



KJEKT PÅ  
**BOKN**

Haugaland kontrollutvalgssekretariat v/Toril Hallsjø

Haugaland  
Kontrollutvalgssekretariat IKS  
Mottatt dato: 18.08.16  
Journalført: 16/267/16ha  
Arkivkode: 216

**Vår ref.:**  
15/308-12/K1-216, K3-&58//AOS

**Dykkar ref.:**

**Dato:**  
18.08.2016

## **Plan for arbeidet med post / arkivrutiner i Bokn kommune**

Oversender med dette tilbakemelding til Kontrollutvalget vedr. forvaltningsrevisjonen av post/arkivrutinene.

Med helsing

Solrunn Alvestad  
kommunalsjef forvaltning

# Plan for arbeidet med post/arkivrutinar i Bokn kommune

## 1. Hensikt

Oppfølging av rapporten frå forvaltningsrevisjon

Haugaland  
Kontrollutvalgssekretariat IKS  
Mottatt dato: 18.08.16  
Journalført: 16/267/16  
Arkivkode: 216

## 2. Ansvar og omfang

Ihht Kommunestyrevedtaket den 8.mars, skal Rådmannen innan 6 månader frå dette vedtaket gi tilbakemelding til Kommunestyret via Kontrollutvalet om korleis ein har fulgt opp tilrådingane frå revisjonen.

Sidan kommunen mottok rapporten i januar 2016, har ein hatt nært samarbeid med IKA (Interkommunalt arkiv) i Rogaland. I tillegg har ein hatt samarbeidsmøter med andre kommunar om å utarbeida gode rutiner for sak/arkiv (nettverkssamlingar for Arkivplan). Ein har i same periode innført integrasjon mellom lønn- og personalsystemet og WebSak som omfattar tilsetjingssaker. Søkjarar på stillingar skal nå registrera CV og søknad elektronisk, og det er utarbeidd skjema og rutiner for saksbehandlinga. Opplæring av leiarane er starta opp, og rutineane vert finpusa etter kvart som ein ser behovet for ytterlegare spesifikasjonar.

Også Statsarkivet har hatt dokumentbasert tilsyn denne våren, og dei har gått gjennom revisjonsrapporten. I Rapporten frå Statsarkivet seier dei at dei har merka seg at kommunen er i gang med å rette opp avvika som kom fram i Deloitte sin forvaltningsrevisjon, og ser derfor ikkje behov for å gå nærare inn på dette no. Men, Statsarkivet har peika på at kommunen sitt arkiv må sikrast betre, utskifting av hyller frå tre til metall, og betre låsing. Dette arbeidet er også under planlegging nå.

Ved gjennomgang av kva som må gjerast når det gjeld saksbehandling og arkivering, ser ein at det i tillegg til fysisk sikring av arkiv også er behov for oppgradering av database og server, samt opplæring både av ordinære brukarar og superbrukarar. Den økonomiske sida av dette er ennå uklar, men ein må kanskje forvente ein kostnad på mellom 100.000 – 300.000. Dette vil koma som eiga sak når vi er ferdige med planen.

## 3. Beskrivelse

| Trinn | Tilråding frå Deloitte                                                                             | Aktivitet                                                                                                                                                                                             |
|-------|----------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
|       | Kartlegging av dokumentflyt og arbeidsprosessar innafor dei ulike tenesteyråda i kommunen.         | Alle tenesteyrådaene er kartlagt                                                                                                                                                                      |
|       | Vurdere behovet for betre og meir skriftlege rutinar for sakshandsaminga i dei ulike tenesteyråda. | Det er laga 3 rutiner, rutine for saksbehandling (alle tenesteyråda), rutine for arkivtjenesten og rutine for publisering av postlister på nett. 3 rutiner gjenstår; websak mottak, møtebehandling og |

|  |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                            |                                                                                                                                                                                                                                                                     |
|--|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
|  |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                            | avlevering av arkiv.<br>Målet er at rutinene skal være ferdige og godkjente innan 1. okt                                                                                                                                                                            |
|  | <p>Oppdatere arkivplanen i samsvar med krav i lovverket;</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Sikre tilstrekkeleg med retningslinjer for når korrespondanse skal registrerast for journalføring</li> <li>- Skildre ansvar knytt til gradering av journalpostar og handsaming av førespurnader om innsyn</li> </ul> | Arkivplanen vil bli oppdatert når alle rutinene er ferdige og godkjent.                                                                                                                                                                                             |
|  | <p>Registrere rett dokumentdato på dokument som blir journalført</p> <p>Målsetjing om kor lang tid det skal gå før postlista vert publisert</p>                                                                                                                                                                            | <p>Dette ligger også i rutinebeskrivelsene.</p> <p>Postlistene vert nå lagt ut 2 gonger i veka. Dette ligg også i rutinene.</p>                                                                                                                                     |
|  | <p>Syte for at alle dokument som er registrert i ein journal er med i den offentlege journalen</p> <p>Syte for at funksjonar i sak/arkiv for oversyn og kontroll av restansar og forfall vert tekne aktivt i bruk.</p>                                                                                                     | <p>Dette er også tatt inn i rutinene.</p> <p>Her er ei eiga rutine for leiarane i alle einingane. Målet er at ein skal ha dette på plass innan utgangen av året.</p>                                                                                                |
|  | <p>Vurderer om ein skal utvikle ein «superbrukar»- funksjon knytt til sak/arkivsystemet.</p> <p>Leggje til rette for at det blir gjeve kurs for dei tilsette i dei tema/område der det er signalisert behov for opplæring, og informere om kvar ein kan finne gjeldande rutinar og retningslinjer.</p>                     | <p>I løpet av hausten vil ein velja ut superbrukarar som får spesiell opplæring.</p> <p>Når alle rutinene og arkivplan er på plass vil ein leggja plan for opplæring. Plan for dette vil bli laga i september/oktober og opplæringa vil starta opp umiddelbart.</p> |
|  |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                            |                                                                                                                                                                                                                                                                     |
|  |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                            |                                                                                                                                                                                                                                                                     |
|  |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                            |                                                                                                                                                                                                                                                                     |

## 5. Referanser

## 6. Vedlegg

| SAKSGANG        |          |        |
|-----------------|----------|--------|
| Utval           | Møtedato | Saksnr |
| Kontrollutvalet | 14.09.16 | 14/16  |
|                 |          |        |

| Saksansvarleg: | Arkivkode: | Arkivsak: |
|----------------|------------|-----------|
| Toril Hallsjø  | 217        |           |

## **OPPFØLGING AV RAPPORT - SELSKAPSKONTROLL AV HAUGALAND KRAFT AS OG HAUGALAND NÆRINGSPARK AS**

**Vedlegg:** 1. Brev frå Haugaland Kraft AS dagsett 27.04.16  
2. Brev frå rådmannen av 18.08.16

### **Bakgrunn**

Kommunestyret vedtok enstemmig i møte 16.06.15, sak 27/15 følgjande:

1. *Bokn kommunestyre tar Deloitte sin revisjonsrapport «Selskapskontroll – Haugaland Kraft AS og Haugaland Næringspark AS» til orientering.*
2. *Rapporten vert oversendt rådmannen, representantskapet og selskapet sitt styre og leiinga for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar.*
3. *Det vert gjeve tilbakemelding til eigarkommunane sine kommunestyre via kontrollutvala om korleis kommunestyrevedtaket er følgt opp innan 12 månader etter kommunestyret sitt vedtak.*

Bokn kontrollutval vedtok 04.09.14, sak 15/14 etter invitasjon frå Karmøy kontrollutval å delta i ein selskapskontroll av Haugaland Kraft AS/Haugaland Næringspark AS. Dei andre eigarkommunane deltok også i prosjektet.

Haugaland Kraft AS med dotterselskap var blant dei prioriterte selskap i Plan for selskapskontroll i Sveio 2012-2016.

### **Mandat**

Hovudformålet med selskapskontrollen var å undersøke og vurdere om selskapa hadde etablert system og rutinar for å sikre at selskapa driver i samsvar med vedtekter, politiske vedtak og regelverk.

### **Rapporten**

Med dette som utgangspunkt gjennomførte Deloitte prosjektet hausten 2014 og våren 2015 basert på fjorten ulike problemstillinger. Rapport ble lagt fram for kontrollutvala og kommunestyra i eigarkommunane i løpet av 1. halvår 2015 eller 2. halvår 2015.

Revisorselskapet Deloitte kom med følgjande tilrådingar til selskapet:

- 1. Øke kvinneandelen i styret i Haugaland Næringspark slik at dette tilfredsstiller kravene i aksjeloven.**
- 2. Bidra til at det gjennomføres dokumentert styreevaluering i henhold til styreinstruksen.**
- 3. Utarbeide rutiner som beskriver hvordan selskapets bestemmelser om habilitet skal praktisere, slik at kravene i forvaltningsloven og aksjeloven blir ivaretatt.**
- 4. Bidra til at det enkelte styremedlem registrerer sitt styreverv i KS styreregister.**
- 5. Gjennomføre en strukturert og helhetlig risikovurdering knyttet til økonomiske misligheter.**
- 6. Utarbeide veiledning for styremedlemmer som representerer Haugaland Kraft i andre selskapsstyrer.**

Revisorselskapet Deloitte kom følgjande tilrådingar til eierkommunene:

- 1. Stille krav om at rapportering fra selskapet inneholder opplysninger som gjør det mulig for eierkommunene å følge opp at KS sine anbefalinger til god eierstyring etterleves.**
- 2. Endrer § 7 i vedtektene slik at de blir i tråd med aksjelovens § 6.1, hvor det framgår at styret i selskaper uten bedriftsforsamling, alltid selv skal velge sin leder.**

#### **Tilbakemelding**

I vedlagt brev av 27.04.16 (vedlegg 1) har Haugaland Kraft AS v/dir./visekonsernsjef Runar Areklett gjeve ein tilbakemelding på selskapskontrollen.

Her er det gjort greie for kva selskapa har gjort i forhold til revisor sine seks tilrådingar. I brevet skriv han at alle punkta er utført, men når det gjeld pkt. 4 er styremedlemmene blitt oppfordra til å registrere seg i KS sitt styreregister. Dette er ei frivillig ordning.

I vedlagt brev av 18.08.16 (vedlegg 2) har rådmannen gjeve ei tilbakemelding på dei to tilrådingane som ble gjeve til eigarkommunane.

Rådmannen visar til «Eierstrategi for Haugaland Kraft AS» og meiner tilrådingane i store trekk er implementert i selskapet. Han meiner det har vore utfordrinar med å få selskapet til å svare på andre tiltak som er skissert i eigarstrategien. Bokn kommune har støtta utspill frå Karmøy kommune der ein har bede om at styret orienterer om sitt arbeid for å implentere alksjonærenes eiagarstrategi i eigarmøte hausten 2016.

Vidare viser han til at vedtektene om val av styret blei endra på generalforsamlinga i fjor.



Utvalet må drøfte om ein finn selskapet si og rådmannen si tilbakemelding som dekkjande for rapporten sine tilrådingar.

Kommunestyret fekk orientering om Haugaland Kraft AS i forkant av kommunestyremøtet 19.04.16 ved konsernsjef Olav Linga og dir. Gunn Margareth Lassesen. De orienterte om struktur, resultatutvikling og samfunnsansvar.

Sekretariatet kan opplyse følgjande om selskapet:

Haugaland Kraft vart stifta 10.08.1998 ved at Haugesund Energi og Karmsund Kraftlag fusjonerte. Føremålet med selskapet er produksjon av fornybar energi, sikker og kostnadseffektiv overføring og omsetning av energi, tilby sikker og kostnadseffektive breibandstenester kor det naturleg styrkar kjerneverksemda, samt kva hermed står i forbindelse, under her å delta i andre føretak som driv tilsvarande verksemd.

Styret: Didrik B.Ferkingstad (leiar), Martha Kold Bakkevig, Petter Steen jr, Margaret Elin Hystad, Ragnhild Bjerkvik, Håkon Eidesen (ansattrepr.), Geir Malvin Bårdsen (ansattrepr.), Mona Opheim (ansattrepr.)

Varamedlem: 1. vara Arne Birkeland, 2.vara Gro Nesheim 3.vara Trygve Hebnes

Adm. Direktør: Olav Linga. Det vert utarbeida årsrapport. Eigarar er Karmøy kommune (44,84%), Haugesund kommune (31,97%), Tysvær kommune (9,80%), Vindafjord kommune (6,85%), Sveio kommune (5,05%), Bokn kommune (1,08%) og Utsira kommune (0,41%).

Etter ei endring av strukturen i verksemda i 2015 blei selskapet organisert som eit konsern frå 1. januar 2016. Konsernet består av morselskap og 4 dotterselskap.

Generalforsamlinga har tidlegare vore nytta som eit utvida eigarforum og reflekterte eigarane sine eigardelar. Eigarkommunane peika då ut 28 delegater, der Bokn kommune har hatt to delegatar. I år møtte til saman 15 delegater, i tillegg til ordførarane frå dei 7 kommunane, som er dei som har stemmerett.

Haugaland Kraft AS har følgjande dotterselskap: Haugaland Næringspark AS, Haugaland Kraft Nett AS, Haugaland Kraft Fiber AS, Haugaland Kraft Energi AS

Selskapet har og eigarinteresser i følgjande selskap (eigardel i prosent):

Sunnhordland Kraftlag AS (40,52%), Tysseland Kraftlag AS (40%), Mosbrakka Kraft AS (50%) Gismarvik Vindkraft AS (40%), Ulla Førre (2,54%), Rasjonell Elektrisk Nettvirksomhet AS (0,2%), MET-Senter AS (12,9 %), Vekstfondet AS (18,8 %), Validør AS (14,8 %), FKH AS (10 %), Vestavind Offshore AS (15 %), Vestavind Kraft AS (5 %)

I 2015 vart det utarbeida felles eigarstragi for Haugaland Kraft AS sine eigarkommunar. I den kjem det fram at hovudføremålet med eigarskapet er langsiktig og finansielt, med målsetning om avkasting på investert kapital.

**Sekretariatet sine kommentarar**

Selskapet og rådmannen har svart på alle tilrådingene. I følge kontrollutvalsforskrifta med merknader, ligg det til kontrollutvalet å sjå til at kommunestyret sitt vedtak blir følgt opp.

Det ligg ikkje til kontrollutvalet å fastsetje korleis styret/administrasjonen skal følgje opp dei påviste avvik/tilrådingane i det konkrete tilfellet, då dette er styret/rådmannen sitt ansvar.

Det blei sett ein frist på 12 månader frå kommunestyret fatta sitt vedtak og det er svara innan fristen.

Kontrollutvalet kan likevel melde inn vidare til kommunestyret dersom kontrollutvalet meiner saka ikkje er følgt opp på ein tilfredsstillande måte.

Dette synast ikkje aktuelt i denne saka.

**SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Bokn kontrollutval tar tilbakemeldingane frå Haugaland Kraft AS og rådmannen om oppfølging av rapport frå selskapskontrollen i Haugaland Kraft AS og Haugaland Næringspark AS til orientering.

Melding om oppfølging vert sendt kommunestyret til orientering.

Aksdal, 29.08.16

Toril Hallsjø

*Dagleg leiar/utvalssekretær*

Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS  
Att: Toril Hallsjø  
Tysvær Rådhus  
5575 Aksdal

Haugaland  
Kontrollutvalgssekretariat IKS  
Mottatt dato: 28.04.16  
Journalført: 16/169/tha/dgh  
Arkivkode: 217

Deres referanse  
Tørres  
Øyjordsbakken

Deres dato

Vår referanse  
207213-v1

Dato  
27.04.2016

## Tilbakemelding selskapskontrollen 2015

Viser til forespørsel vedrørende oppfølging av selskapskontrollen av Haugaland Kraft AS (HK) og Haugaland Næringspark AS (HNP) som ble gjennomført av Deloitte på vegne av eierkommunene i 2015.

I rapporten anbefalte Deloitte Haugaland Kraft AS å iverksette 6 forbedringstiltak. Alle punktene er utført:

1. *Øker kvinneandelen i styret i Haugaland Næringspark AS slik at dette tilfredsstiller kravene i aksjeloven.*

Det er valgt nytt styre i HNP. Styret består nå av to kvinner og tre menn og kravet til representasjon av begge kjønn i kommuneloven §80a er oppfylt.

2. *Bidra til at det jevnlig gjennomføres dokumentert styreevaluering i henhold til styreinstruks.*

Denne gjennomføres årlig i Questback. Sist gjennomført i februar 2016.

3. *Utarbeide rutiner som beskriver hvordan selskapets bestemmelser om habilitet skal praktiseres, slik at kravene i forvaltningsloven og aksjeloven blir ivaretatt.*

Det er utarbeidet egen rutine for selskapets bestemmelser om habilitet. Rutinen inngår i vår QLM database.

4. *Bidra til at det enkelte styremedlem registrer sitt styreverv i KS styreregister.*

Det er det blitt oppfordret til i styremøte. Nye styremedlemmer oppfordres til å registrere seg. Registreringen er en frivillig ordning.

5. *Gjennomføre en strukturert og helhetlig risikovurdering knyttet til økonomiske misligheter. Utarbeide rutine.*


